



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Sak nr 5/2013

Møtedato: 13.2.13

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: 351.41

Elgjakt – kvote 2013

Det har vore ei målsetting i "Driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre" å redusere elgbestanden noko. Ei periode var det beite for hard belasta og dette er no ikkje lengre eit problem. Mykje av fjellelgen trekkjer sannsynlegvis ut til nedre del av Hallingdal og der har dei hatt store beiteskader og mykje avgang av elg i trafikken. Det har derfor vore eit ynskje om at det blir halde opp høge kvoter m.a. i Vestre Slidre.

Dei siste åra er elgstamma redusert og under jakta i haust vart det berre felt 16 av ei kvote på 28 dyr.

Tildelt kvote og felt dyr:

Jaktfelt	Tildelt dyr	Felt dyr	Manglande
Bjødnhøvd	6	4	2
Trøllhøvd	6	3	3
Jaslangen	5	1	4
Bukono	5	3	2
Baklie	6	5	1
SUM	28	16	12

	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003
Kvote	28	28	28	28	28	27	20	20	21	20
Felt	16	28	23	26	25	27	20	19	21	20

Det har vore klare tilbakemeldingar frå elgjaktlaga om at kvota må reduserast. På bakgrunn av dette gjorde også fjellstyret vedtak i sak 39/12 om ikkje krevja inn all grunnavgift. Tilbakemelding frå dei fleste elgjaktlaga er at ei kvote på 3 dyr i kvart jaktfelt kan vera passe.

Det er driftsplan for elg som tildeler kvoter til dei ulike grunneigarlag i kommunen. I tillegg til grunnkvote kan det søkjast om tilleggsdyr under jakta.

Vedtak

Fjellstyret meiner kvota som er tildelet til allmenningen dei siste åra er for stor for og søkjer driftsplanstyret om ei grunnkvote på 15 dyr for 2013.

Einstemmig vedteke.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 19.2.13

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Driftsplanlaget for hjortevilt i Vestre Slidre
Elgjaktlaga